



Betal til

Avbryt




Barnehagen

#87654 • BARNEHAGEN VÅR

0 kr

Takka vere SV! ❤️❤️

Neste



SV vil gjere barnehagen gratis for alle barn!

Kvardagen har blitt tøffare for mange. Alt har blitt dyrare. Det er rett og slett vanskelegare å få eit vanleg liv til å gå opp med ei heilt vanleg løn. Det gjeld særleg for barnefamiliane. Derfor har vi eit tydeleg krav til forhandlingane om revidert budsjett i år: SV vil gjere barnehagen gratis for alle barn!

Det kostar å ha barn. Bleier, sko, vogn og vognpose, fleire sett med klede for alle årstider, bilseter og mat er ikkje billig. Om SV får gjennomslag for gratis barnehageplass, vil det spare småbarnsforeldre for 22.000 kroner i året per barn.

Dei som stemde SV har gjort det mogleg å sikre gratis SFO, nesten dobla barnetrygda og mange andre store sigrar.

No vil vi fjerne ei rekning til. For når SV prioriterer så prioriterer vi heilt vanlege folk. Ikkje dei rikaste. Det betyr noko kven som bestemmer.

Derfor håpar vi du vil gi stemma di til SV ved valet i haust!

Sosialistisk Venstreparti

Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Bli medlem i
SV her:

